



Undervegs mot toppen av Nåsø. Bjørn Olav Tveit er turleiar og har med seg Ove Røssland og Siv Birgitte Solberg Hovland

96 deltok i fjelltrimmen til Kvinnherad Turlag i år og Uskedalen toppar av bygdene med 23 deltakarar medan Rosendal hadde 12 og Løfallstrand 8. At Uskedal inntar ein så suverren førsteplass kan tildels forklarast med at ei skuleklasse med 13 elevar inngår i statistikken og leiar i turlaget Anne Kari Enes berømmar lærar Svein Sunde for engasjementet hans..

Dette er skuleklassa: Mats Løland Eik, Frida Hidle Gravdal, Hanne Tungesvik Hauge, Veslemøy Haugland, Hans Magnus Sæle Kårstad, Ronya Lakselv, Hilde Legland, Joakim Ljosnes Myklebust, Merete Myklebust, Torstein Tungesvik Myklebust, Ann Helen Rød, Adrian Storøy og Jakob Soltveit Taranger.



[Undervegs mot toppen av Nåso - om sommaren](#)

Dei andre uskedelingane som innfridde krava var desse:

Anine Enes, Arne Hauge, Marit Hauge, Jon Harald Kjærland, Nelly Haugland, Møyfrid Kristoffersen, Ingrid Kroka, Steinar Kroka, Sidsel Stigum og Nils Raustein.

6 personer fekk 5-årsmerket og 5 av dei er frå Uskedalen:

Møyfrid Kristoffersen, Ingrid Kroka, Steinar Kroka, Nils Raustein og Sidsel Stigum.

Kravet for fullført deltaking i fjelltrimmen er at ein har gått minst 5 turar fordelt på dei 8 områda som er med, i alt 16 turar, lette eller krevjande. I Uskedalen er Ulvanåso med av turmåla og hadde 18 besøk. Skålafjell toppa med 78. og ialt vart det gått 663 turar.

Anne Kari Enes fortel at det har vore ein auke i registreringsbøkene ved

dei fleste måla etter at planleggjingskartet med 69 mål vart utgjeve og dei også la ut informasjon på nettet.

Dei fleste kan bli med idenne trimmen då ein kan velja mellom eit lett og eit krevjande mål i kvart område, held leiaren fram.

Av Ola Matti Mathisen